



## FISKERIDIREKTORATET

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvalningsseksjonen i region Vest  
Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Vår referanse: 11/6739  
Dykkar referanse: 2014/11042  
Dato: 28.03.2017

Att:

### **Avgrenset høring - Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale**

Vi viser til brev av 17.02.2017 frå Hordaland fylkeskommune, avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Følgjande dokument/filar inngår i høyringa;

- Notat endringar til avgrensa høyring
- Planomtale med retningsliner
- Plankart til kystsoneplanen

#### **Notat endringar til avgrensa høyring - merknader**

Fiskeridirektoratet region vest saknar eit notat med oversikt og resymé av planprosessen fram til i dag, og resymé av merknader som kom inn ved forrige høyring hausten 2015. I notatet om endringar til avgrensa høyring vert det opplyst om at :

*Planendringane er basert på skriftlege merknadar, kommentarar og innspel i kommunevise møter, prosjektgruppemøte og styringsgruppemøter og vidare «Merknadane vil bli oppsummert og kommentert i ein høyringsrapport først når planen blir lagt fram til vedtak».*

Fiskeridirektoratet er ikkje kjend med innhaldet av alle høyringsfråsegner etter 1. gongs høyring av planen, og vi understrekar at ei presentasjon av desse vil ha stor nytteverdi for å vurdere 2. gongs planframlegg som vert presentert. Vi er ellers positive til at det er laga eit notat med oppsumering/resymé av kva endringar som er føreteke i planomtala, i retningsliner og på plankartet.

Vi påpeiker samstundes at det i notatet ikkje er omtala at det er teke inn vesentlige endringar i planomtala under kapittel 3.2 Marint naturgrunnlag.

### **Planomtale – vidarefører merknader frå førre høyring**

Vi viser til vårt brev av 01.10.2015 der vi har kome med en rekke innspel til tekstdel. Nokre av innspela vi har komme med er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg fylgd opp.

### **Planomtale – merknader til kapittel 3.2 Marint naturgrunnlag**

Kapittel om 'Villfisk' under 3.2 Marint naturgrunnlag handlar om spørsmål kring villaks, sjøaure, lakseførande vassdrag, kvalitetsnorm, genetisk intregitet. Utbreiing av marine artar i Hardanger og Sunnhordland er ikkje omtala, som t.d gytevandring av brisling gjennom Hardangerfjorden, førekomst av kveite og pigghå for å nemne nokon. Vår vurdering er at kapittelet ikkje gjev ei tilstrekkeleg omtale av særtrekka i utbreiing av marin villfisk i planområdet. Vi rår til at det vert teke inn supplarande tekst om villfisk slik at ein oppnår eit meir 'balansert' innhald i kapittelet som skal omhandle villfisk. Fiskeridirektoratet deltek gjerne med nærare informasjon og utforming av tekst.

Siste kapittel under 3.2 Marint naturgrunnlag heiter 'Påverknad frå oppdrettsnæringa på naturmangfaldet'. Teksten er ny og er teke inn etter etter forrige revisjon. Det handlar om spørsmål til tap av ville laksestammar, lakslus, bestandstrussel, rømming av oppdrettslaks, genetisk innblanding og sjukdom i oppdrettsnæringa.

Vi meiner det manglar supplerande informasjon om korleis sektormynde og næringa arbeider med desse spørsmåla, og kva tiltak som er satt i verk. Vår vurdering er at kapittelet bør takast ut og at ein i staden henviser til nettstader kor ein vil finne meir nyansert og oppdatert informasjon om spørsmåla som t.d. på Fiskeridirektoratet si heimeside. Her kan ein mellom anna lese meir om nasjonalt overvakingsprogram for rømt oppdrettslaks i vassdrag; <http://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Drift-og-tilsyn/Røemming/Overvakingsprogram-for-roemt-oppdrettslaks-i-vassdrag>. Her vil ein også finne oppdaterte rapporter og statistikk. På nettstaden <http://utfisking.no/> fins informasjon om OURO – oppdrettsnæringas sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk.

### **Plankart – ingen merknader**

Fiskeridirektoratet region vest har ikkje særskilde merknadar til plankartet. Vi tar plankartet til etterretning.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga

Postboks 7900

5020 BERGEN

**Vedlegg**

Merknadar til høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og  
ytre Hardanger - Hordaland fylkeskommune